



## Bygdakveld i Olivinhallen

Tysdag 14. februar kl. 17.30

Minner med dette om den årlege FAU- festen vår , og vi vonar at de alle nyttar høvet til å invitere med dykk andre som har lyst til å vere i lag med oss denne festkvelden.

Vi bed om at kvar familie tek med eit matfat og ei kanne eller to med kaffi/te. Hugs at runde kaker treng ein kakespade! Merk det du tek med.

Ynskjer du å støtte med ein bokgevinst, så set vi sjølvsagt pris på det! Alltid kjekt med fleire sjansar til å vinne. ☺

Elevane er godt i gong med å øve på programmet. Vi set pris på at alle har fokus på å vere stille under programmet. Ikkje alltid så enkelt å halde dei små i ro, men med gode vaksne rollemodellar, så greier vi å få det til i om lag ein time.

Inngang er gratis for alle i år. Vi oppmodar i staden om å ta ekstra lodd. Mat og kaffi er gratis, medan ein må betale for brus og pølser.

Det vert sal av lodd på bok, og det vert ei runde med lynlodd. Loddboka er komen i sving på butikkane, så det er høve til å få napp i vinnarsjansen allereie.

Skulen vil ha eit ryddesal av gamle kart og plansjar, videokanoner og garnnøster. Om ein er interessert i noko av dette, kan ein skrive seg på ei liste som vert lagt ut slik at skulen kan ta kontakt tilbake.

Heile FAU og 10. klassingane må møte seinast kl. 17.00 for å gjere alt klart til festen. Resten av arbeidsoppgåvene til festen sit klassekontakta med oversikt på, så om de trengst til ei oppgåve, så har de fått eller de vil få beskjed av dei.

Alle er hjarteleg velkomne!



Med vennleg helsing

Frode Roth  
FAU-leiar

